TEMAER SOM BØR/SKAL INNGÅ I KURSRAPPORTEN

1. Faglærers vurdering av gjennomføring

a) Praktisk gjennomføring

i. strukturen på kursopplegget

- Kursopplegget har funne si form. Det einaste ein kan diskutera er om ein skal ha ei veke fri for obligatorisk undervisning tidleg eller seint i undervisningsperioden. Til no har det vore tidleg for at studentane skal få tid til å lesa seg opp i faget før arbeids- og storgruppeoppgåvene. Til neste år vert det seint for fyrste gong etter at studentane har bede om dette over fleire år. Eg er redd dei i så fall kan koma noko uførebudd til arbeids- og storgruppene, og at veka i staden vert nytta til å lesa til eksamen i Forvaltningsrett II.

ii. forelesningene

- Har funne si form. I to år har dei vorte digitalisert og lagt ut på nettet etter 3 veker. Dette for at studentane skal kunna nytta dei til å repetera, men samstundes at det skal vera interessant å koma på førelesingane. Det kan vera at ein vil utsetja utlegginga til 4 veker er gått til neste år.

iii. brukte oppgaver – både i arbeids- og storgruppen

- Nore av desse vert endra kvart år for å heile tida sikra at studentane ikkje kan dra nytta av tidlegare studentar sitt arbeid, noko som vil svekkja deira eiga læring. Men i tillegg skjer dette for å få betre oppgåver som fører til meir læring. Nokre av oppgåvene vil verta endra til neste år òg.

iv. skriving og kommentering

- Studentane legg stadig meir arbeid ned i arbeidsgruppeoppgåvene. Men det er enno meir å henta her, fordi utgangspunktet når dei kjem til faget er at dei ikkje skriv meir enn dei må, og sjølv om innsatsen er høgare i JUS134 så vil læringsutbyttet verta høgare med enno større innsats. Men så lenge så mange kjem til faget med dei haldningane til arbeidsgruppeoppgåvene som dei har, og så lenge 1/3 av studentane tek opp eksamen i Forvaltningsrett II, er det vanskeleg å

oppnå meir enn små framsteg kvart år. Framstega har vorte oppnådd gjennom å gjea arbeidsgruppeoppgåvene stadig meir relevante i høve til eksamen. Storgruppeleiarane sine kommentarar vert òg stadig meir forklarande, og dermed betre.

v. gjennomføring av arbeids- og storgruppesamlingene

- Det har vore ei utfordring å få studentane til å delta aktivt, men det har òg jamt vorte betre. Dette ha rein oppnådd med at storgruppeleiarane har stadig meir erfaring, og ved at oppgåvene vert utforma med sikta på dette, og med sikte på å vera relevante i høve til eksamen.

vi. obligatorisk kursoppgave

- Finst ikkje i faget.

vii. eksamen

- Ordninga med heimeeksamen har vore ein suksess gjennom at studentane lærer mykje den tida dei arbeider med eksamen. Ei utviding av eksamenstida hadde ønskt læringseffekt i så måte. I tillegg vart tidspresset noko redusert, og er no på det nivået det skal vera – nok tid til å reflektera, ikkje tid til å få hjelp i skriveprosessen. Oppgåvene vert stadig meir krevjande, og studentane skriv stadig betre.

viii. samarbeid med administrasjonen

- Er heilt utmerka! Dei siste åra har det vore heilt uproblematisk. Her, som elles i faget, er erfaring over tid nøkkelen til suksess.

b) Strykprosent og frafall

- Det har sidan byrjinga i 2008 vore ei jamn stiging i karakternivået i faget trass i at det vert gjeve stadig meir krevjande oppgåver. I år var det to oppgåver som strauk i år, og fem som fekk E, som vil seia samla 2,2%. Men eit opplegg med arbeids- og storgruppeoppgåver som er relevante i høve til eksamen, samt heimeeksamen, gjer at svært få kjem gjennom studieløpet utan ein viss minimumskunnskap. I år vart det òg gjeve enno færre D, bare 12,4% av studentane fekk denne karakteren, og enno fleire C og B, heile 32,4 og 39,4%, enn i fjor, som var eit toppår. Særleg gledeleg er det at så mange no får B, fordi det viser at det vert lagt ned ein stor arbeidsinnsats i faget av ei

stor mengde studentar. 13,/% fekk A, noko som er ein liten oppgang. Men her kjem nok talet til å liggja heller stabilt, fordi sjølv om ein kan jobba seg til karakteren B, så må ein ha visse grunnføresetandar for å få A, og det har ikkje alle. Ein kan håpa på ei vidare, jamn stiging i form av fleire C og færre D. Men problemet er alle dei som tek opp igjen eksamen i Forvaltnignsrett II, som rett og slett har for lite tid til å arbeida seg til ein god karakter i JUS134.

c) Karakterfordeling

- Den er no slik den skal vera. Den kan verta betre, men størst forbetring vil ein oppnå om færre tok om igjen eksamen i Forvaltningsrett II.

d) Studieinformasjon og dokumentasjon

- Fungerer fint.

e) Tilgang til relevant litteratur

- Fungerer fint.

2. Faglærers vurdering av rammevilkårene

a) Lokaler og undervisningsutstyr

a. Alt har fungert heilt fint.

b) Andre forhold

3. Faglærers kommentar til studentevalueringen(e) (referansegruppemøtet)

a) Metode – gjennomføring

- Fungerer fint. Men langt feire studentar skulle møtt opp og gjeve tilbakemelding.

b) Oppsummering av innspill

- God.

c) Ev. underveistiltak

- Har i liten grad vore aktuelt, men har vorte gjennomført ved behov.

4. Oppfølging av fjorårets evaluering

Har punkter fra fjorårets evaluering blitt innarbeidet/ført til endringer i årets kurs? Hvis ja: hvordan?

- Arbeidet med å oppdatera pensumlitteraturen er no sett i gang. I fyrste omgang skal Rendezvous skrivast om, og så skal Speculum legale òg reviderast. Det er ikkje avgjerande for kvaliteten på faget, men vil likevel vera med å auka den enno meir.

5. Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak

- **JUS134 har funne si form. Det har òg god tilgang på svært kvalifiserte personar som ønskjer å delta både i undervisnings- og sensurteamet. Forbetring av faget vil skje gradvis gjennom betre arbeids- og storgruppe- og eksamensoppgåver, og gjennom stadig meir erfaring og kunnskap hos dei som underviser. Ei oppdatering av pensumlitteraturen vil vera med å gje faget eit løft i 2016.**